



**Nasjonalparkstyret
for Reinheimen**

Postadresse
Postboks 987
2604 LILLEHAMMER

Besøksadresse
Norsk Fjellsenter,
Brubakken 2, 2686 Lom
Norsk Tindesenter
Havnegata 2, 6300 Åndalsnes

Kontakt
Sentralbord: +47 61 26 60 00
Direkte: +47
fmoppst@fylkesmannen.no
<http://www.nasjonalparkstyre.no/reinheimen>

Adresseliste

Saksbehandler Kristine Sørлие

Vår ref. 2018/5606-3 432.0

Dykkar ref.

Dato 24.09.2018

Referat frå møtet i rådgjevande utval på Grotli 19. - 20.september 2018

Møtet i rådgjevande vart halde på Grotli Høyfjellshotell over 2 dagar, frå kl.12:30 onsdag 19.september, og avslutta etter lunsj kl. 12:00 torsdag 20.september på Billingen seterpensjonat.

Følgjande deltok:

I alt deltok **34** på møte, der 14 møtte frå rådgjevande utval. Frå nasjonalparkstyret møtte 8, og frå administrativt fagutval møtte 9.

Tabellen under viser oversikt over alle deltakarar:

		Deltok 19.09	Deltok 20.09
Nasjonalparkstyret for Reinheimen			
Per Magnus Berdal	Norddal kommune	X	X
Elias Sperstad	Skjåk kommune	X	X
Kari Ramen	Reinheimen-Breheimen villreinutval	X	
Mariann Skotte	Lesja kommune	X	X
Kjersti Bjørnstad	Oppland Fylkeskommune	X	
Svein Blankenborg	Vågå kommune	X	X
Bjarne Eiof Holø	Lom kommune	X	
Torbjørn Rødstøl	Rauma kommune	X	X
Kristine Sørлие	Nasjonalparkforvaltar	X	X
Ingvild Øyjordet	Nasjonalparkforvaltar	X	X
Administrativt kontaktutval			
Marit Svanborg	Lesja kommune	X	X
Ingunn Moen Helland	Vågå kommune	X	
Sander Sælthun	Lom kommune	X	
Tor Taraldsrud	Skjåk kommune	X	X
Toralv Klokkehaug	Norddal kommune	X	X

Nasjonalpark Reinheimen
Naturreservat Brettingsmoen
Landskapsvernområde Tafjorden-Reindalen, Trollstigen, Romsdalen, Lordalen, Finndalen, Ottadalen



Jan Petter Vad	Rauma kommune	X	X
Mai Bakken	Norsk Fjellsenter	X	
Thomas Rødstøl	Statens Naturoppsyn	X	X
Per Olav Haugen	Statens Naturoppsyn	X	X
Rådgevinge utval			
Trond Berger	Statskog	X	
Per Kåre Skudal	Tafjord Kraft	X	X
Knut Festø	Naturvernforbundet Møre og Romsdal/FNF	X	X
Åsmund Steen	Ålesund-Sunnmøre Turistforening	X	
Jon Sjurgard	Finndalen Fjellstyre	X	
Lars Fransplass	Grunneigarrepresentant Rauma	X	X
Einar Utgaard	Lesja Fjellstyre	X	X
Kjell Gaukstad	Grunneigarrepresentant Lom	X	X
Per Bersås	Rauma historielag	X	X
Ole Erik Bjørnstadhaugen	Nasjonalparkriket	X	X
Jo Trygve Lyngved	Skjåk Almenning	X	
Ole Morten Fossli	Forum for natur og friluftsliv Oppland	X	X
Per Dagsgard	Skjåk Historielag	X	X
Urpu Hapuoja	Romsdal RHH/GuideRomsdal	X	X
Andre			
Ellen Marie Syse Sørungård	Villreinløypa, innleiar	X	
SUM		34	23

Onsdag 19.september:

Velkommen og presentasjonsrunde, v/ styreleiar Per Magnus Berdal:

Det vart vist til referat frå møte i rådgevinge utval 14.-15.november 2016 på Grand hotell Bellevue Åndalsnes/Norsk Tindesenter. Kva har skjedd sidan sist? Sekretariatet for Reinheimen er utvida med ein forvaltarstilling til i 2016, og arbeidet med besøksstrategi og revidering av skjøtselsplanar er i gang. Presentasjonsrunde av alle deltakarar.

Skjøtselsplan for heilheitlege kulturlandskap i verneområda knytt til Reinheimen

v/forvaltar Kristine Sørлие

Nasjonalparkstyret skal som forvaltningsstyresmakt ut frå naturmangfaldlova §33 og verneføremålet i dei einskilde verneforskriftene, vurdere behov for naudsynt gjennomføring av skjøtsel og tilrettelegging. (jr. Vedtekter for Nasjonalparkstyret for Reinheimen, pkt. 8.2)

I landskapsvernområda Finndalen, Lordalen, Romsdalen, Tafjorden-Reindalen er kulturlandskapet sentralt i verneføremålet. Dette er store natur- og kulturlandskap som krev skjøtsel dersom dei skal haldast i hevd. Ulike landskap treng ulik skjøtsel utifrå tidlegare landbruksverksemd og bruk. Skjøtselsplan er viktig for å dokumentere verdiane, men også



for å kunne prioritere skjøtselstiltak som gir best effekt for å betre landskapsverdiane. Etter ein tilbuds konkurranse våren 2018, var det etter ein grundig prosess, Miljøfagleg Utredning AS som fekk tilbod om oppdraget. Lokal medverknad og involvering av aktørar i områda er viktig i arbeidet, og det vart gjennomført 5 oppstartmøter i juli-august.

Skjøtselsplanarbeidet er ein nyttig måte å komme i kontakt med dei som brukar verneområda, og vil såleis vera eit viktig innspel til besøksstrategien. Det er viktig at nasjonalparkstyret ser at dei to prosessane i samanheng.

Besøksstrategi Reinheimen v/forvaltar Ingvild Øyjordet

Gjennomgang av føremål og overordna prinsipp med besøksstrategien. Prosjektplan og innhaldet i 1. utkast til besøksstrategien vart sendt på e-post saman med innkallinga til møtet. Kunnskapsgrunnlaget begynner og bli bra. Det er oppdatert informasjon om villrein gjennom regional plan, kartlegging av fugl vart gjennomført i 2006-2017, kulturminnebasen Askeladden vert oppdatert i løpet av året.

I samband med besøksstrategien er det gjort ei kartlegging av reiselivet i og kring verneområdet, som mellom anna dokumenterer nøkkeltal og gir oversikt over trafikkstraumen kring verneområdet siste året. Det er og gjennomført ei nettbasert reiselivsundersøking i 2018 til 73 tilbydarar av reiselivsverksemd i og kring Reinheimen. 42 svarte på undersøkinga, og resultatet gir ei peikepinn på korleis nasjonalparkforvaltninga kan samarbeide med reiselivsaktørar i og kring verneområda knytt til Reinheimen. Reiselivet er framleis to-delt i Reinheimen, med større aktivitet i nordvest samanlikna med dei søraustlege område.

Det er etablert 18 informasjonspunkt og om lag 32 mindre informasjonstavlar kring Reinheimen som vart etablert i tida etter verneområdet vart oppretta. Frå 2007 var det kommunane som hadde forvaltningsansvaret innafor sine kommunegrensar, og plassering av informasjonstavlane ber preg av at det ikkje har vore ei streng prioritering, men at alle kommunar skulle ha sine tavler, innfallsportar og punkt. Den nye merkeveraren «Norges nasjonalparker» krev at nasjonalparkstyret må gjere ei prioritering av nokre hovudinnfallsportar i trå med veileder for Innfallsportar.

I utkastet til Besøksstrategien er det som utgangpunkt lagt vekt på rundreisa kring Reinheimen, der Reinheimen er attraksjon, medan verdiskapinga skjer utanfor.

Kommentarar:

*Per Bersås – kva med forholdet til grunneigar? Viser til forvaltningsplan og grunneigarinteresser, og stiller spørsmål om korleis dette vert synleggjort i prosjektplan?
Jon Sjurgard – presiserer at statsallmenning er sidestilt med private grunneigarar i denne samanheng.*

Villrein i Reinheimen og besøksstrategi – villreinnemnda v/Tor Taraldsrud

Reinheimen-Breheimen villreinområde er det 3. største området i i landet, med både nasjonal og internasjonal verdi. Det er 24 vald i Reinheimen.

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen – består av 10 kommunar, og er den offentlege villreinmyndigheita, der representantar er politisk vald frå kvar kommune og oppnemnd av miljødirektoratet. Tor er skretær for villreinnemnda

Villreinutvalget for Reinheimen-Breheimen – representerar dei private og statlege interessane, og er oppnemnd av dei med jaktrettar, dvs. grunneigararar og fjellstyret på



statsgrunn. Knut Granum er skretær for villreinutvalet.

Villreinforvaltninga har endra fokus siste åra frå å vera bestandsorientert til å bli meir arealorientert. Situasjon for villrein i Rondane vart trekt fram som døme på dokumentasjon på konsekvensar for villrein ved endringar i arealbruk.

Kva med villrein i Reinheimen?

Det er syklisk arealbruk, gjort observasjonar gjennom «sett-rein»-databasen, og kunnskapsstatusen i NINA-rapporten 643. Det er og eit dokumentert fråvær av villrein i vestlege delar av Reinheimen (Trollstigreien). Som besøkstalet i Reinheimen, syner det og ei øst – vest grense for villrein, også med jaktfredning i vest.

Vilreinnemnda hadde Besøksstrategien for Reinheimen som sak på møte 16.august 2018. I møtet vart det mellom anna der stilt spørsmål om Reinheimen treng innfallsportar, og om etablering av innfallsportar vil generere meir ferdsel inn i villreinområdet?

Kommentarar:

Åsmund Steen – DNT-Åst sine tal for ferdsel i Reinheimen(Tafjordfjella) ligger langt under i ferdselstal på stier samanlikna med Rondane

Ole Morten Fosslie – takker for innelgga, og er positiv til at det er fokus er på verneverdiane i området

Villreinløypa v/prosjektleder Ellen M. S. Syse

Prosjekt er finansiert gjennom Miljødirektoratet sitt verdiskapingsprogram, «Villrein som verdiskaper».

Gudbrandsdalsmusea er prosjekteigar og Ellen er tilsett som prosjektleder. Prosjektet har ei enkel organisering med ei styringsgruppe.

Villreinløypa er eit resultat av forprosjektet «Infopunkt Fauttjønn/fangstanlegg Verket» som nasjonalparkforvaltninga tok initiativ til i 2016. Føremålet med forprosjektet var fyrst og fremst å vidareutvikle informasjonspunktet på Slådalen i samarbeid med Lesja kommune og Lesja Bygdetun. Forprosjektet vart finansiert som eit spleiselag, der Nasjonalparkstyret for Reinheimen og Gudbrandsdalsmusea bidrog med kr. 60 000 kvar. Forprosjektet resulterte i ein rapport (2017) med konkrete forslag til tiltak framover.

Villreinløypa er eit samarbeidsprosjekt mellom private og offentlege aktørar, reiselivsbedrifter og frivillige organisasjonar, lokalisert slik:

Billingen – Dønfoss – Norsk fjellsenter – Slådalen (Fauttjønn/Verket) – Lesja Bygdemuseum – Dombås – Villreinsenteret Hjerkin.

Villreinløypa har same utgangspunkt som Besøksstrategien for Reinheimen, og legg opp til at verdiskapinga skal skje i bygdene/randsonene, utanfor sjølve verneområdet.

GRUPPEARBEID

Det vart gjennomført eit gruppearbeid på slutten av dagen, med fordeling av deltakarane i 4 grupper.



Case 1 Prioritering av innfallsportar

Med utgangspunkt i dagens oversikt, vurder kor det er aktuelt å ønskje besøkande velkommen på informasjonspunkt/innfallsportar, og evt. foreslå nye

Kommune	Informasjonspunkt	Samanstilling av innspel frå dei 4 gruppene
Norddal	Zachariasdammen	Viktig, fornyast
	Muldalsvika	Kan evt fjernast
	Øvstestølen	Kan fjernast
	Slettvikane	Bør tonast ned pga villrein kan fjerne informasjonspunkt på Slettvikane, og heller satse på informasjon ved Grønning (stigstart DNT-stig/Pilgrinsled), og i Valldal sentrum
	Valldal sentrum	Må fornyast
Rauma	Isterdalen	Fornyast med tilpassa informasjon om Kløvstigen
	Horgheimseidet	Ok, fornyast
	Sjugurdgarden	? vinterparkering, bør vera noko informasjon
	Tunga	Ok, viktig parkering, og inngang til DNT-stig til turisthyttar i Reinheimen/Tafjordfjella
	Trollstigplatået	Må fornyast
	Norsk tindesenter	Nytt informasjonspunkt/innfallsport/besøkssenter
Lesja	Rånå	Fjerne ? viktig parkering
	Nysetra	Fjerne, evt flytte til Avdembue eller bom ved innkøyring Lordalen
	Fauttjønn	Vurdere behov, innhald/utforming, samanheng med Lesja Bygdetun
	Lesja Bygdetun	Har tavlestativ til informasjonsplakater. Samordne med infopunkt ved Fauttjønn.
	Avdembue	Nytt punkt som erstatning for Nysetra? Rett å plassere infopunkt ved E136?
	Bjorli	Viktig å informere på Bjorli. Ny evt. Ved Stuguflåten ved E 136?
Vågå	Milthaugen	Bør fjerne
	Nordherad	Bør fjerne
	Vågå sentrum	Ikkje nødvendig, men vurdere om aktuelt som erstatning for Milthaugen og Nordherad
Lom	Odden	Viktig
	Lia	Bør fjerne, men lokalt utfartsområde vinter og sommar
	Norsk fjellsenter	Viktig besøkssenter og forvaltningsknutepunkt. Informasjon er på plass
Skjåk	Aursjoen	Vurdere fjerning av informasjonstavler... Men turistar køyrar til Aursjoen for å gå kulturstigen, og da bør det vera informasjon her om kulturstigen, villrein, kulturminner og nasjonalparken
	Dønfoss	Stratgisk punkt langs RV15, og informasjonspunktet ute må fornyast. Norsk fjellmuseum har etablert innadørs utstilling på Coop Marked i 2012, som skal oppgraderast. Viktig å oppgradere informasjon ute og innendørs samtidig for å sjå det i ein samanheng.
	Billingen	Viktig innfallsport, skal fornyast (forprosjekt 2015 og tiltak i gang for vidareføring)
	Grotli	?



Case 2, Kundereisen

Søk på Internett og finn informasjon om Reinheimen i dag.

Lag eit forslag til kundereise som inkluderar digital informasjon og prioriterte innfallsportar.

Korleis skape best samarbeid om besøksforvaltning mellom aktuelle aktørar (off.forvaltning, reiselivet og andre off. og priv. aktørar)?

Gruppe 1:

Ved søk på nettet fekk Nasjonalparkriket fyrste treff på Reinheimen. Nasjonalparkstyret, og Wikipedia kom også høgt opp på treff.

Kart er viktig informasjon. I inngangspartiet på fjellsenteret i Lom er det eks. på korleis eit kart som fungera godt for besøkande i trå med ny merkestrategi.

Rådgjevande utval er viktig møteplass for interessentar i området, og bør halde fram med årelge møter.

Gruppe 2:

Innhaldet på innfallsportar og informasjonspunkt må vera relevant for området punktet står på. Fjerning av informasjonspunkt må også avklarast med kommunane som etablerte punkta.

Nasjonalparkstyret kommer opp først ved søk på Reinheimen nasjonalpark

Ei god Villreinløype er døme ei god kundereise for Reinheimen.

Gruppe 3

Trekkveggar og kalvingsområder er mest sårbare område, og slike område skal ikkje for auka besøk.

Det bør gjennomførast orienteringsmøte i kvar kommune om besøksstrategien, der grunneigarar er spesielt invitert.

Gruppe 4

Det bør etablerast ein felles nettportal med informasjon til besøkjande om alle nasjonalparkane i Noreg. (merk at *Fylkesmannen i Oppland v/Marit Vorkinn og Vebjørn Knarrum har teke felles nettportal opp sentralt med direktoratet og Miljøvernminister*)

Skilting til verneområda med velkomstskilt frå hovudvegane der folk kjem med bil er viktig!. I tillegg til å ønskje folk velkomne inn i verneområda, må det også informerast om verneverdiar når folk er kome inn til verneområda, særleg der det er sårbare artar og landskap.

Viktig med fokus på målgrupper – brukarorientering, ikkje «pepre» med bilete av villrein på sosiale media dersom ein ikkje ønskjer at folk skal ferdes i områder der t.d. villrein er sårbar.

Buffersone/randsonemengrepet bør vera eit viktig fokus for Reinheimen og kommunane med areal i verneområdet. Randsonene er viktige områder for utvikling, da slike areal ligg utanfor verneområdet. Godt døme er utviklinga på Billingen.

Torsdag 20.september:

Dagen starta på Grotli med ei stutt oppsummering av gruppearbeidet onsdag, der det vart opna opp for kommentarar og innspel.

Per Bersås – *hadde forventa at det vart sett av meir tid i møtet til å gjennomgå innhaldet i utkastet til besøksstrategien, i staden for gruppearbeid.*



Per B. oppmoda også Nasjonalparkstyret til å lese innspela som kom fram om reiselivet i Kongeleg resolusjon (Verneplan for Reinheimen):

<http://www.nasjonalparkstyre.no/PageFiles/10544/061124%20Kongeleg%20resolusjon%20Reinheimen.pdf?epslanguage=no>

Tykkjer generelt at reiselivet no har fått ein for stor plass i strategiarbeidet.

Billingen som innfallsport – etablering og tiltak, samarbeid med lokal aktør v/Forvaltar Kristine Sørлие

Billingen har gjennom alle tider vore ein sentral plass for ferdselen over fjellet mellom aust og vest. På setergrenda er det 10 setre, og var ysteri her fram til 1950-talet. Billingen er i dag ein viktig innfallsport til Reinheimen, og opningsarrangementet for Reinheimen nasjonalpark var lagt til Billingen i 2007.

Det er gjennomført fleire prosjekt og informasjonstiltak på Billingen etter at verneområdet vart oppretta. Da seterpensjonatet vart etablert i 2015, var det aktuelt å vidareutvikle innfallsporten til Reinheimen og Breheimen i samarbeid med lokale aktørar i området, sjølv om det ikkje var vedtatt besøksstrategi for områda. Det vart etablert ei lokal arbeidsgruppe i 2015 samansett av nasjonalparkforvaltarar, SNO, miljørådgjevar i Skjåk kommune, Skjåk Almending og eigarar av Billingen seterpensjonat. Norsk fjellsenter vart leigd inn som prosjektleiar i forprosjektet. Prosjektet på Billingen er eit godt døme på samarbeid mellom nasjonalparkforvaltninga og lokale aktørar.

Framme på Billingen starta møtet med vandring langs Diktarstigen og på delar av naturstigen opp til stokkbrua. Tema undervegs var tilrettelegging på innfallsport, terrengslitasje, skilting, bruene på Billingen, adaptiv forvaltning mm.

Etter rundturen orienterte vertskapet v/Marianne Stensgård om historia til Billingen, etablering og drift av seterpensjonatet i dag, og om samarbeidet med nasjonalparkforvaltninga.

Møtet og besøket på Billingen vart avslutta med fantastisk lunsj før heimreise.

Alle presentasjonar og gruppearbeidet er lagt ut på nettsida til Nasjonalparkstyret for Reinheimen:

<http://www.nasjonalparkstyre.no/Reinheimen/Nasjonalparkstyret/Radgjevande-utval/2018/>

Med helsing

Kristine Sørлие
Nasjonalparkforvaltar
Ref.

Etter våre rutinar er dette brevet godkjent og sendt utan underskrift